



Dei fire kvinnheringane som var med: Bjørn Naterstad, Marius L. Torjusen, Vegard Døssland og Inghild Fjell Helleland. (Foto: Thor Inge Døssland)

Sist helg var 41 musikantar på samling med Hordaland Ungdoms Brassband på Tertnes. Fire av desse var frå Kvinnherad. I tillegg til uskedalingane Bjørn Naterstad og Vegard Døssland er Inghild Fjell Helleland og Marius L. Torjusen med i dette kretskorpset for aldersgruppa 14-19 år.

Ungdommane hadde ei travel helg med svært mykje øving på musikkstykket dei fått tilsendt notane til på førehand. Dei sette stor pris på både dette og den sosiale biten som føregjekk utover kvelden og ut i dei seine timar. Då hadde leiarane lagt opp til ulike samansveisande aktivitetar. Dette var nok ekstra viktig då det denne gangen var mange som var på samling for første gang. Mellom anna hadde dei i oppgåve å samarbeida i smågrupper om å skriva ein HUBB-sang. Dei tre beste av desse innslaga vart framført på avslutningskonserten søndag ettermiddag. Tekstane i sangane viste svært tydeleg at dei sette svært stor pris på HUBB og ikkje minst dei tre mest sentrale personane bak korpset.

I Frode Rydland med taktstokken har dei ein svært dugande dirigent. I tillegg til å dirigera, skriv han svært gode musikkarrangement for brassband. Dei to leiarane og eldsjelene bak korpset, Ole Johan Aarlie og Kjersti Pisani, også omtala som korsets "mor" og "far" legg ned uvurderleg innsats for korpsungdommen i fylket gjennom engasjementet sitt i HUBB. Det er tydeleg at musikantane er svært glad i desse tre kjernepersonane.

Avslutningskonserten på samlinga var også denne gangen ei flott oppleving for det frammøtte publikummet. Korpset framførte denne gangen i hovudsak musikkstykke med tilknytning til Sogn og Fjordane fylke. Vi fekk høyra ein svært spanande konsert med variasjon og spennvidde. All musikken var arrangert av Frode Rydland, og han hadde utnytta brassbandet sine sterke sider maksimalt. Ein flott konsert, og vi skjønar godt at musikantane kan føla eit "kick" når dei er med og formidlar musikk på dette viset. Dette må gje ungdommane topp inspirasjon!

Neste øvingshelga for HUBB vert i Rosendal med Rosendal skulekorps som teknisk arrangør. Det skjer 23.-25.november. Det er svært kjekt at dette gode ungdomskorpset kjem til Kvinnherad.

Av Thor Inge Døssland



Delar av grovmessing-gruppa (Foto: Thor Inge Døssland)